

VEDTEKTER FOR NATTUGLENE I SOGNDAL.



1. Nattuglene i Sogndal vart skipa 15.mars 1996 av ei prosjektgruppe med representantar frå fylgjande organisasjonar: Sogndal Røde Kors, Luster Røde Kors, Leikanger kommune / SYRIL, Luster kommune, Sogndal kommune, Sogndal Idrettslag, Kaupanger Idrettslag, Sogndal Næringsssamskipnad, Studentsamskipnaden i Sogn og Fjordane og Sogndal lensmannskontor.
2. Føremålet med laget / organisasjonen er å drive nattevandring i Sogndal og omegn.
3. Laget / organisasjonen er samansett av eit styre på tre (3) personar, Leiar, nestleiar og styremedlem / kasserar.
4. Alle organisasjonane i prosjektgruppa har rett til å ha ein rådgjevande styremedlem som skal innkallast til styremøta.
5. Årsmøte vert halde innan 1.april kvart år, der alle medlemmene har stemmerett.
6. Laget / organisasjonen samarbeidar med Sogndal Frivilligsentral, og nyttar dagleg leiar som sekretær.
7. Laget / organisasjonen samarbeidar og med Røde Kors sitt nattevandringsprosjekt og støttar opp om denne organisasjonen sitt prosjekt: Stopp Volden.
8. Alle vaksne, frå fylte 18 år kan melde seg som nattevandrar for Nattuglene i Sogndal.
9. Vedtektsendring / oppløysing kan berre skje på ordinært eller ekstraordinært styremøte. Det trengs 2/3 fleirtal av gitte stemmer, der også dei rådgjevande medlemmane har stemmerett.

Sogndal, 15.mars 1996

- Styreleiar -